



Fyresdal kommune
Sektor for plan og teknikk

Til aktuelle høringsinstansar

Dykkar ref:	Vår ref	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	2016/1488-4	Aslak Momrak-Haugan,35067119 aslak.momrak.haugan@fyresdal.kommune.no	K01	03.12.2018

Høyring på forslag til forskrift "Forskrift om start og landing med luftfartøy, og bruk av motorfartøy på vatn og vassdrag i Fyresdal Kommune, Telemark

Fyresdal Kommune har sidan 1986 hatt "Føresegner for Fyresdal Kommune til lov av 10.juni 1977 om motorferdsel i utmark og vassdrag". Føresegnene omhandlar bruk av snoskuter, start og landing med luftfartøy, samt bruk av båt i vatn og vassdrag. "Føresegner", "Retningslinjer" eller tilsvarende er ikkje juridisk haldbare, dette vil kun vere ei rettesnor for forvaltningspraksis. Bestemmingar som skal vere juridisk haldbare må stå fram som forskrift eller lov, og vere tilgjengeleg for ålmenta på Lovdata.

Fyresdal Kommune har i dag inga forskrift som omhandlar bruk av motorfartøy på innsjøar mindre enn 2 kvadratkilometer, altså dei fleste fjellvatna i kommunen. Kommunen har heller ikkje forskrift som omhandlar t.d. start og landing med vassfly, men gjev løyve til slik start/landing etter dei gamle føresegnene, etter tillating frå Fylkesmannen.

Ein ser no eit behov for å formalisere fleire av desse momenta i ei samla forskrift. Hovudutval for landbruk og miljø vedtok difor i sitt møte 10.10.18 eit forslag til forskrift, og vedtok samstundes å sende denne på høyring til aktuelle instansar.

Saksutgreiinga og forslag til forskrift ligg ved. Merk at det i saksutgreiinga er referert til feil paragrafar i kommentarane til forskriftslyden i §§ 6 og 7, dette er korrekt i vedlegget "Forslag til forskrift". Korrekt ordlyd skal vere:

§ 5.Landing og start med luftfartøy

Landing og start med luftfartøy er tillate på Fyresvatn og Skredevatn.

Det er i dag desse to vatna ein får førespurnad om landing på, landing på andre vatn handsamast som dispensasjonssak etter denne forskriftas § 6 (her står det §7 i saka).

og

§ 6.Landing og start med luftfartøy etter søknad

Kommunen kan etter søknad gje løyve til landing og start med luftfartøy i utmark utover det som er nemnt i denne forskriftas § 5. Det kan stillast vilkår ved slikt løyve. (her står det §6 i saka).

Høyringsfrist:

Høyringsuttaler sendast Fyresdal Kommune innan 10.januar 2019. Send gjerne uttala pr e-post til postmottak@fyresdal.kommune.no

Vidare sakshandsaming:

Innkomne høyringsuttaler vil verte oppsummert, og med bakgrunn i desse vil ein kome med ei endeleg tilråding til Kommunestyret for endeleg vedtak. Endeleg forskrift vert så lagt ut på www.lovdatabase.no.

Høyringsdokument kan lastast ned frå www.fyresdal.kommune.no. Dokumenta er også lagt ut i sentralbordet på Fyresdal Kommune og Fyresdal Folkebibliotek.

Ketil O. Kiland
Rådmann


Aslak Momrak-Haugan
skogbrukssjef

 FYRESDAL KOMMUNE
3870 FYRESDAL